

Det vert kyrkjeor frå hausten.



Eva Megyesi har fått god respons på initiativet til å starta kyrkjeor.

Nyleg vart det gjort kjent i lokale media at kantoren vår Eva Megyesi ønskte å starta eit kyrkjeor med songarar frå heile Kvinnherad frå hausten. No kan Eva melda om god respons, og det har meldt seg så mange songarar at det er bestemt at det vert oppstart i byrjinga av september. Eva håpar sjølv sagt at fleire songarar melder seg framover.

Eva Megyesi melder no at kyrjekoret skal heite NORDMADRIGAL, og oppstart vert mandag 5.september kl.19 i Uskedal kyrkje. Øvingane vert på mandagar frå kl.19 til 21. Eva er svært fornøgd med responsen, og skriv 'TUSEN TAKK KJÆRE KVINNHERAD' på facebook. Ho ønskjer framleis at fleire skal melda seg som songarar i koret, og formulerer det slik:

-Kem kan komme å synge i koret? ALLE mennesker, fra heile kommunen som elsker å synge god musikk.

Det viktigaste er at ein har glede av å synge. Her er det ikkje krav til å kunna synge etter notar. Her er det berre å snu seg rundt og melda si interesse til Eva Megyesi på mobil 955 20 899 eller på epost micacica@online.no. Då er ein sikra to trivelege songtimar på mandagskveldane med ein inspirerende og humørfyllt dirigent i eit kjekt fellesskap.

De kan lesa den [førrige artikkelen om koret](#) som altså skal heita NORDMADRIGAL her.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kvinnheringen